

FORVALTNINGSREVISJON

STRANDA KOMMUNE

Vass- og avløpssystemet i stranda kommune

20.08.2021

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Møre og Romsdal Revisjon SA er eit samvirkeføretak som er eigd av kommunane Aukra, Aure, Averøy, Fjord, Giske, Gjemnes, Hustadvika, Kristiansund, Molde, Rauma, Rindal, Smøla, Stranda, Sula, Sunndal, Surnadal, Sykkylven, Tingvoll, Vestnes og Ålesund samt Møre og Romsdal fylkeskommune. Selskapet utfører rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og andre revisjonstenester for eigarane. Hovudkontoret ligg i Kristiansund og det er avdelingskontor i Ålesund, Molde og Surnadal.

Tidlegare rapportar frå Møre og Romsdal Revisjon SA finn ein på www.mrrevisjon.no

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

FORORD

Møre og Romsdal Revisjon SA har utført denne forvaltningsrevisjonen etter vedteken bestilling frå kontrollutvalet i Stranda kommune.

Forvaltningsrevisjonen er gjennomført i samsvar med god revisjonsskikk og Norges Kommunerevisorforbund sin standard for forvaltningsrevisjon RSK 001.

Rapporten summerer opp resultatane frå Møre og Romsdal Revisjons SA si undersøking om vass- og avløpssystemet i Stranda kommune.

Revisjonen er utført av forvaltningsrevisor Lillian Reder Kristoffersen og oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor Kurt Anders Løvoll i perioden mai, juni og august 2021.

Vi ønsker å takke alle som har vore med å bidra til denne forvaltningsrevisjonen.

Molde, 20.08.2021

Kurt Anders Løvoll
Oppdragsansvarlig revisor

Lillian Reder Kristoffersen
Forvaltningsrevisor

SAMANDRAG

Denne forvaltningsrevisjonen omhandlar vass- og avløpssystemet i Stranda kommune, og er gjennomført etter bestilling frå Kontrollutvalet i Stranda kommune.

PROBLEMSTILLINGAR

- 1) Har Stranda kommune utarbeidd plan for vedlikehald og fornying av vassforsyning og leidningsnett?
- 2) Har Stranda kommune etablert internkontroll for vassforsyning og vasskvalitet i kommunen, og blir denne følgt opp?
- 3) Har Stranda kommune gjennomført farekartlegging og utarbeidd beredskapsplan for tilgjengeleg og trygt drikkevatt?
- 4) Følgjer kommunen opp sitt ansvar som eigar av avløpsnettet?

METODE

Vi har i dette prosjektet nytte fleire metodar for å hente inn data. Dette styrker undersøkinga si troverd og minskar risikoen for feil.

Datamateriale til rapporten er henta inn frå ulike dokument:

- Plan for vassprøvetaking i Stranda kommune 2021
- Kommunalteknisk VA norm for Sunnmøre 2015 og oppdatering 2020
- Tryggleik og beredskapsplan for vassverka til Stranda kommune 2019
- Prøveresultat på vatn frå heimesida 2016-2020
- Tiltakskort Utslepp i drikkevasskjelde
- Tiltakskort nr. 2 - Brann og eksplosjon
- Tiltakskort nr. 3.1 - Krisevatn Stranda vassverk
- Tiltakskort nr. 3.2- Krisevatn Hellesylt vassverk
- Tiltakskort nr. 3.3 - Krisevatn Geiranger vassverk
- Tiltakskort nr. 5 - Straumen er borte
- Tiltakskort nr. 7 - Sjøleidningsbrot
- Tiltakskort nr. 8 – Tett inntak
- Plan for vassmiljø og Hovudplan for avløp 2002-2005
- Rapport etter tilsyn med reinvassbasseng
- Tilsynsrapport frå Mattilsynet- Hellesylt vassverk
- Tilsynsrapport frå Mattilsynet- Stranda, Hellesylt og Geiranger
- Tilsynsrapport frå Mattilsynet- tilsyn med vassforsyning
- Tilsynsrapport- frå Mattilsynet- tilsyn Stranda vassverk
- Vedtak frå Mattilsynet- om revidering av beredskapsplan
- Vedtak frå Mattilsynet- om revidering av vedlikehaldsplan
- Årsmelding 2018, Stranda kommune
- Årsmelding 2019, Stranda kommune
- Årsmelding 2020, Stranda kommune

- Kommunestyrevedtak

Vi har vidare henta informasjon frå følgjande tilsette i kommunen:

- Rådmann (oppstartmøte)
- Kommunalsjef plan og utvikling (oppstartmøte)
- Einingsleiar næring og kommunalteknisk (oppstartmøte, samtalar på telefon og e-postar)
- Driftsoperatørar/formann på vatn (telefonintervju)
- Driftsoperatørar/formann på avløp (telefonintervju)

KONKLUSJONAR OG ANBEFALINGAR

Problemstilling 1: Har Stranda kommune utarbeidd plan for vedlikehald og fornying av vassforsyning og leidningsnett?

Kommunen har ikkje ein tilstrekkeleg vedlikehaldsplan der tidspunkt for planlagt reingjering, vedlikehald og fornying av distribusjonssystemet er fastsett.

Kommunen utfører jamleg driftsoppgåver av leidningsnettet som sikrar at vatnet ikkje blir forureina av helsefarlege materialar og dei har hatt gode vassprøver dei siste 4-5 åra kor det ikkje har vore nødvendig med kokning av drikkevotnet.

Stranda kommune har utarbeidd plan for vassprøvetaking for 2021. Prøveresultat for vassprøvene er synleg for innbygarane på heimesida frå des. 2016 til des. 2020, og viser gode resultat. Resultat for 2021 er ikkje lagt ut på heimesida, men kommunen opplyste om at resultatata for 2021 også er gode. Drikkevassforskrifta §23 seier blant anna at vassverkseigar skal sikre at abonnentane til ei kvar tid har tilgang til oppdatert informasjon om drikkevasskvaliteten.

ANBEFALING

- Stranda kommune bør utarbeide vedlikehaldsplan for vassforsyningssystema i kommunen og sikre at den blir oppdatert.
- Stranda kommune bør ha rutinar for å sikre at resultat av drikkevassprøver til ei kvar tid, blir kunngjort for innbygarane på heimesida.

Problemstilling 2: Har Stranda kommune etablert internkontroll for vassforsyning og vasskvalitet i kommunen, og blir denne følgt opp?

Stranda kommune har etablert internkontroll for vassforsyning og vasskvalitet i kommunen som stort sett er i tråd med drikkevassforskrifta. Dei tilsette på tenesteområdet er kjent med planane og dei blir følgde. Nokre av planane er tilstrekkeleg oppdaterte og andre er ikkje oppdaterte.

Vi vurderer det som nødvendig at styrande dokument er oppdatert i forhold til revidering av lovverket på området. Rettleiar til drikkevassforskrifta blei oppdatert i 2020 og drikkevassforskrifta er frå 2017.

ANBEFALING

- Stranda kommune bør ha rutinar for å sikre at planer i internkontrollen blir oppdatert etter planlagt intervall og revidert lovverk på området.

Problemstilling 3: Har Stranda kommune gjennomført farekartlegging og utarbeidd beredskapsplan for tilgjengeleg og trygt drikkevatt?

Stranda kommune har utarbeidd beredskapsplan for tilgjengeleg vatn. Det blei gjennomført farekartlegging ved utarbeiding av Plan for tryggleik og beredskap for vassverka til Stranda kommune. Beredskapsplan har ikkje ei tydeleg plan for korleis kommunen skal sikre levering av trygt drikkevatt ved kriser. Kommunen bør som einingsleiar også informerte om, oppdatere beredskapsplan med ei plan for tilgjengeleg naudvatn, som er reinsa og drikkeklart vatn. Beredskapsplan omtalar i dag berre krisevatn.

kommunen bør sikre årleg oppdatering av beredskapsplan, i tråd med krav omtalt i planen. Då vil kommunen også kunne legge inn oppfølging frå vedtak etter tilsyn frå Mattilsynet. Etter vår vurdering er kravet om at tilsette innan vatn skal følgje beredskapsplan, oppfylt.

BEREDSKAPSØVING

Ifølge drikkevassforskrifta §7 skal vassverkseigar utarbeide ein plan for beredskapsøvingar og sikre at planen er oppdatert og blir følgt. Kommunens beredskapsplan har ytterlegare krav til dette:

«Det skal vere beredskapsøvingar kvart år som omfattar eitt vassverk per år. Øvinga kan vere ein teoretisk gjennomgang. Driftsinstruksen for vassverket har opplegg for funksjonstesting og kontroll av utstyr. Dette opplegget vil i stor grad dekke behov for praktiske øvingar. Deltakarar er personell ved kommunalteknikk.»

Vår undersøking viser at kommunen ikkje har utarbeidd plan for beredskapsøvingar innan vatn og heller ikkje har gjennomført øvingar kvart år. Øving av eigen beredskapsplan vil vise om den planlagde beredskapen er god. Ei evaluering av kvar øving vil vere nyttig for bruk i den årlege oppdateringa av beredskapsplanen.

KOMMUNEN OG PRIVATE VASSVERK

Kommunen har ein strategi på at dei skal stille opp og levere vatn til abonnentane til det private vassverket, om det skulle oppstå ei krise som gjer at dei ikkje får vatn.

Ifølge Drikkevassforskrifta §11 har kommunen eit ansvar for at det ligg føre beredskapsplanar for hendingar som kan medføre reduksjon i private vassverk sine evner til å yte dei tenestene dei har ansvar for.

Vår vurdering er at dette bør vere omtalt i kommunen sin beredskapsplan for vassverka.

ANBEFALING

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

- Stranda kommune bør sikre årleg oppdatering av beredskapsplan, slik det er sett krav om i planen
- Stranda kommune bør utarbeide plan for beredskapsøvingar for dei tilsette innan vassforsyningssystema og sørge for at dette blir gjennomført årleg i tråd med plan.
- Stranda kommune bør skrive inn i beredskapsplan for vassverka at kommunen bidrar med bistand til levering av trygt drikkevatt ved kriser, også til innbyggjarar som er abonnentar ved det private vassverket i kommunen

Problemstilling 4: Følgjer kommunen opp sitt ansvar som eigar av avløpsnett?

Kommunen gjennomfører vedlikehald av avløpsnett og har tilgjengeleg teknologi i form av ulike kamera, som gjer det mogleg å sjå inn i røyra ved kontrollar. Driftsoperatørane har nok fagkunnskap for desse oppgåvene. Noko fornyingar er gjennomførte. Det blir gjort tiltak for å førebyggje lekkasjar og tiltak for å avgrense forureining.

Avløpsnett i kommunen er ikkje tilstrekkeleg dimensjonert for den mengde avløpsvatn som må passere gjennom systemet i dag. Lovverket sier at kommunen skal sikre at avløpsnett blir dimensjonert, bygd, drive og vedlikehalde med best mogleg tilgjengeleg teknologi og fagkunnskap.

Driftsoperatørane på avløp har etterlyst ein overordna strategi for korleis overvatn skal blir handtert.

Kommunen opplyste i Årsmelding 2019 at kommunen framleis har utfordringar knytt til at store mengder overvatn kjem inn i avløpsnett ved større regnskyll. Kommunen fekk ikkje prioritert å utarbeide overvassplan i 2019.

Ved reinseanlegget i Stranda vassverk greier ikkje kommunen å holde seg innanfor reinsekravet til forureining slik det er i dag. Årsaka er stor mengde organisk avfall frå industrien.

ANBEFALING

- Stranda kommune bør vurdere kva som kan bli gjort med avløpsnett sin kapasitet for å kunne ta unna den mengde avløpsvatn som passerer gjennom systemet i dag.
- Stranda kommune bør utarbeide ein handlingsplan på korleis overvatn skal handterast i kommunen.
- Stranda kommune bør sikre at industribedriftene har betre løysingar for utslepp av organisk avfall.

INNHALD

1. INNLEIING	1
1.1 Bakgrunn og bestilling	1
1.2 Problemstillingar	1
1.3 Autoritative kjelder	1
1.4 Revisjonskriterier	1
1.5 Metode og avgrensning	2
1.6 Organisering av vass- og avløp i Stranda kommune	3
1.7 Høyring	4
2.VEDLIKEHALD AV VASSFORSYNING OG LEIDNINGSNETT	4
2.1 Problemstilling og revisjonskriterier	5
2.2 Funn	5
2.3 Revisor si vurdering	10
3.INTERNKONTROLL FOR VASSFORSYNING OG VASSKVALITET	10
3.1 Problemstilling og revisjonskriterier	10
3.2 Funn	11
3.3 Revisor si vurdering	13
4.FAREKARTLEGGING OG BEREDSKAPSPLAN	13
4.1 Problemstilling og revisjonskriterier	13
4.2 Funn	13
4.3 Revisor si vurdering	18
5.AVLØPSNETTET	20
5.1 Problemstilling og revisjonskriterier	20
5.2 Funn	20
	5

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

5.3 Revisor si vurdering	24
6.REFERANSELISTE	25
7.VEDLEGG	27
7.1 Høyringsuttale frå rådmann	27

1. INNLEIING

1.1 BAKGRUNN OG BESTILLING

Stranda kontrollutval bestilte forvaltningsrevisjon med tema «Vass- og avløpssystemet i Stranda kommune» i møte 02.03.2021. Bakgrunnen for bestillinga er Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2023 vedteken i Stranda kommunestyre – sak 063/20.

1.2 PROBLEMSTILLINGAR

Jamfør standard for forvaltningsrevisjon skal det alltid utarbeidast problemstillingar for den enkelte forvaltningsrevisjon. Med utgangspunkt i bestillinga frå kontrollutvalet har revisjonen operasjonalisert fire problemstillingar, og meiner at desse er tilstrekkeleg konkretisert og avgrensa til å kunne bli svart ut.

Problemstillingar:

- 1) Har Stranda kommune utarbeidd plan for vedlikehald og fornying av vassforsyning og leidningsnett?
- 2) Har Stranda kommune etablert internkontroll for vassforsyning og vasskvalitet i kommunen, og blir denne følgt opp?
- 3) Har Stranda kommune gjennomført farekartlegging og utarbeidd beredskapsplan for tilgjengeleg og trygt drikkevatt?
- 4) Følgjer kommunen opp sitt ansvar som eigar av avløpsnettet?

1.3 AUTORITATIVE KJELDER

Revisjonskriteria skal vere grunna i, og utleidd frå, autoritative kjelder innanfor det reviderte området.

Verksemder for vatn- og avløp er underlagt ei rekkje lover og forskrifter som regulerer og påverkar planlegging, utføring og drift av VA-anlegg (Vatn og Avløp).

Til dette prosjektet har vi utleidd revisjonskriterier frå:

- Forskrift om vassforsyning og drikkevatt (drikkevassforskrifta) §6, §7, §11, §15, §16, §19,
- Forurensningsloven §21 og §24
- Forureiningsforskriften §13-6

1.4 REVISJONSKRITERIER

Med utgangspunkt i problemstillingane skal ein etablere revisjonskriterier. Revisjonskriteria er dei krav, normer eller standardar som kommunen skal bli vurdert ut frå. Revisjonskriteria skal vere

relevante, konkrete og i samsvar med dei krav som gjeld for forvaltningsrevisjonsobjektet innfor den aktuelle tidsperioden. Vi har utleidd følgjande revisjonskriterier:

- Kommunen skal utarbeide ein plan for korleis vassforsyninga skal bli vedlikehalden og fornya, og sikre at denne blir oppdatert og følgd.
- Kommunen skal sikre at leidningsnett er i tilfredsstillande stand, slik at vatnet ikkje blir forureina av helsefarlege materialar.
- Kommunen skal utarbeide ein plan for å ta prøver av vassforsyninga.

- Kommunen skal utarbeide skriftleg internkontroll for vassforsyninga.
- Kommunen skal sikre at internkontrollen er oppdatert, og at alle som bidrar med å produsere og levere drikkevattet følger denne.
- Rutinane som kommunen har etablert for å sikre at krava til vatn og avløp blir følgd, skal vere ein del av internkontrollen.

- Kommunen skal utarbeide beredskapsplan for tilgjengeleg trygt drikkevatt, og sikre at den er oppdatert og at den blir følgd.
- Ved utarbeiding av beredskapsplan skal kommunen kartlegge farar som må reduserast eller bli fjerna for å sikre levering av helsemessig trygt drikkevatt.
- Kommunen skal sikre at avløpsnett blir dimensjonert, bygd, drive og vedlikehalde med best mogleg tilgjengeleg teknologi og fagkunnskap.

- Kommunen skal sikre at avløpsvatnet har rett mengde og eigenskapar, og førebygge lekkasjar.
- Kommunen skal sikre at forureining i avløpsnett blir avgrensa

1.5 METODE OG AVGRENSNING

METODE

Undersøkinga er gjennomført etter Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) sin standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001). Vi har i dette prosjektet nytte fleire metodar for å hente inn data. Dette styrker undersøkinga si truverd og minskar risikoen for feil. Vi har henta inn data i tilstrekkeleg omfang for å svare på problemstillingane.

Datamateriale til rapporten er henta inn frå ulike dokument:

- Plan for vassprøvetaking i Stranda kommune 2021
- Kommunalteknisk VA norm for Sunnmøre 2015 og oppdatering 2020
- Tryggleik og beredskapsplan for vassverka til Stranda kommune 2019
- Prøveresultat på vatn frå heimesida 2016-2020
- Tiltakskort Utslepp i drikkevasskjelde
- Tiltakskort nr. 2 - Brann og eksplosjon
- Tiltakskort nr. 3.1 - Krisevatn Stranda vassverk
- Tiltakskort nr. 3.2- Krisevatn Hellesylt vassverk
- Tiltakskort nr. 3.3 - Krisevatn Geiranger vassverk

- Tiltakskort nr. 5 - Straumen er borte
- Tiltakskort nr. 7 - Sjøleidningsbrot
- Tiltakskort nr. 8 – Tett inntak
- Plan for vassmiljø og Hovudplan for avløp 2002-2005
- Rapport etter tilsyn med reinvassbasseng
- Tilsynsrapport frå Mattilsynet- Hellesylt vassverk
- Tilsynsrapport frå Mattilsynet- Stranda, Hellesylt og Geiranger
- Tilsynsrapport frå Mattilsynet- tilsyn med vassforsyning
- Tilsynsrapport- frå Mattilsynet- tilsyn Stranda vassverk
- Vedtak frå Mattilsynet- om revidering av beredskapsplan
- Vedtak frå Mattilsynet- om revidering av vedlikehaldsplan
- Årsmelding 2018, Stranda kommune
- Årsmelding 2019, Stranda kommune
- Årsmelding 2020, Stranda kommune
- Kommunestyrevedtak

Vi har vidare henta informasjon frå følgjande tilsette i kommunen:

- Rådmann (oppstartmøte)
- Kommunalsjef plan og utvikling (oppstartmøte)
- Einingsleiar næring og kommunalteknisk (oppstartmøte, samtalar på telefon og e-postar)
- Driftsoperatørar/formann på vatn (telefonintervju)
- Driftsoperatørar/formann på avløp (telefonintervju)

AVGRENSING

Denne forvaltningsrevisjonen tek for seg dei områda og tema som naturleg kjem inn under dei utvalde problemstillingane. Vurderingar og konklusjonar omfattar difor berre desse definerte tema.


Vi har avgrensa undersøkinga til ikkje å omfatte slamsystem.

1.6 ORGANISERING AV VASS- OG AVLØP I STRANDA KOMMUNE

Stranda kommune er organisert i eit to-nivå system. I rådmannens stab er kommunalsjef for plan og utvikling plassert.

Stranda kommune

Organisasjonskart:



(Kjelde: Stranda kommune si heimeside).

Vass- og avløp er organisert under Næring og kommunalteknikk som blir leia av einingsleiar. Vass- og avløp har driftsleiar, driftsoperatør/formann for vatn, driftsoperatør vatn, driftsoperatør/formann for avløp og driftsoperatør avløp. Eininga har i tillegg hatt ei vakant stilling (ingeniørstilling). Frå 28. juni er denne ikkje lenger vakant.

1.7 HØYRING

Eit utkast til rapport blei 25.06.2021 sendt til kommunen for faktasjekk med frist til 9.7.2021. Revisjonen fekk faktasjekk frå kommunen den 7.7.2021.

Rådmann fekk tilsendt korrigert rapport til høyring 9.8.2021. Frist for høyringsuttale var 19.8.2021.

Revisjonen fekk denne frå rådmann 19.08.2021. Høyringsuttale frå rådmann er lagt inn i rapporten under 7.1 vedlegg s. 27.

2.VEDLIKEHALD AV VASSFORSYNING OG LEIDNINGSNETT

2.1 PROBLEMSTILLING OG REVISJONSKRITERIER

PROBLEMSTILLING

- Har Stranda kommune utarbeidd plan for vedlikehald og fornying av vassforsyning og leidningsnett?

UTLEIDDE REVISJONSKRITERIER

- Kommunen skal utarbeide ein plan for korleis vassforsyninga skal bli vedlikehalden og fornya, og sikre at denne blir oppdatert og følgd.
- Kommunen skal sikre at leidningsnettet er i tilfredsstillande stand, slik at vatnet ikkje blir forureina av helsefarlege materialar.
- Kommunen skal utarbeide ein plan for å ta prøver av vassforsyninga.

2.2 FUNN

Stranda kommune eig og driftar Stranda vassverk, Geiranger vassverk og Hellesylt vassverk. Liabygda vassverk er privateigd. Informasjonen nedanfor om dei ulike vassverka er henta frå «Plan for tryggleik for vassverka til Stranda kommune 2019.» Noko av denne informasjonen frå beredskapsplan frå 2019 er i faktasjekk korrigert av kommunen, til korrekt informasjon i 2021.

Stranda vassverk

Stranda vassverk blei bygd i 1976, med ei utviding og rehabilitering av bygget i 1997. Vassverket får vatn frå Buvatnet. Buvatnet ligg 522 meter over havet, har eit overflateareal på 106 dekar, og har ei maksimal djupne på 7 m. Stranda vassverk forsyner ca. 3 000 personar, som utgjer ein total årsproduksjon på ca. 900 000 m³. I tillegg kjem vassforbruk til industrien som er ca. 220 000 m³/år. Vassforbruket overvakast kontinuerleg av driftskontrollanlegget. Vassverket har lekkasjekontrollsystem og utstyr/rutinar for lekkasjesøking som vert sett i funksjon når det oppstår avvik frå normalen. Alle funksjonar på anlegget kan køyrast manuelt ved feil på driftskontrollanlegget. Vassbehandlingsanlegget omfattar behandling med marmorfilter, karbonatisering ved tilsetjing av CO₂, desinfeksjon med UV og kloring som reserve ved for eksempel ekstrem mengde med nedbør. Vassverket har naudstraumsaggregat, innbrotalarm og brannvarsling direkte til 110. Vegen ved vassverket blir kameraovervaka av Statens Vegvesen.

Hellesylt vassverk

Behandlingsanlegget blei bygd i 1991, og oppgradert i 2009. Vasskjelde er bekkeinntak frå Ringdalselva. Hellesylt vassverk forsyner ca. 200 personar. I tillegg kjem vassforbruk til industrien som er ca. 120 000 m³/år. Vassforbruket overvakast kontinuerleg av driftskontrollanlegget. Vassverket har lekkasjekontrollsystem og utstyr/rutinar for lekkasjesøking som vert sett i funksjon når det oppstår avvik frå normalen. Vassbehandlingsanlegget omfattar behandling ved automatisk siling, desinfeksjon med UV, pH-justering med vassglas og kloring ved behov. Behandlingsanlegget har straumaggregat. Kommunen har driftskontrollanlegg på vassverket, det er installert innbrotvarsling og brannvarsling direkte til 110.

Geiranger vassverk

Vassverket vart bygd nytt i 1981. Vasskjelde er bekkeinntak frå Grinddalselva. Geiranger vassverk forsyner ca. 60 fastbuande personar. I turistsesongen aukar dette talet til 2 000. I tillegg kjem vassforbruk til industrien som er ca. 125 000 m³/år. Vassforbruket blir overvaka kontinuerleg av driftskontrollanlegget. Vassverket har lekkasjekontrollsystem og utstyr/rutinar for lekkasjesøking som vert sett i funksjon når det oppstår avvik frå normalen. Behandlingsanlegget omfattar behandling ved hjelp av desinfeksjon med UV og kloring. Det er installert overvaking og fjernstyring av vassverket. Behandlingsanlegget har naudstraumsaggregat som startar automatisk ved straumbrot, innbrotsalarm og brannvarsling direkte til 110.

Vassverka i Stranda kommune er godt kartfesta over nesten heile forsyningsområdet. Kommunen har digitalt leidningskart og alle registreringar av leidningsdata, og kummar blei lagt inn i kartverktøyet GisLine. Frå 2020 blei dette lagt inn i Gemini.

Liabygda private vassverk

Det einaste godkjenningsspliktige vassverket i tillegg til dei tre kommunale vassverka er Liabygda vassverk. Liabygda vassverk forsyner drikkevatn til ca. 100 abonnentar. Mattilsynet fører tilsyn med alle godkjenningsspliktige vassverk.

Diverse anna privat vassforsyning

Der er ein del næringsmiddelverksemdar som har eiga vassforsyning i område av Stranda som ikkje har tilbod om kommunal vassforsyning. I tillegg er der ein del forsamlingshus/grendehus med eiga vassforsyning. Også desse er underlagt tilsyn frå lokalt Mattilsyn.

VEDLIKEHALD AV VASSFORSYNINGA

- **Kommunen skal utarbeide ein plan for korleis vassforsyninga skal bli vedlikehalden og fornya, og sikre at denne blir oppdatert og følgd.**

I oppstartmøte med rådmann, kommunalsjef plan og utvikling og einingsleiar næring og kommunalteknisk, vart det opplyst at kommunen gjennom jamlege kontrollar og vassprøver, sikrar at distribusjonssystemet for vatn er i tilfredsstillande stand og at drikkevatnet er helsemessig trygt. Det vart opplyst at avdelinga for vatn har erfaring med å oppdage feil og til å sette i verk tiltak raskt. Eit eksempel på dette var då det vart oppdaga eit avvik ved eit besøk frå Mattilsynet. Avviket var på trykkreduksjonsbassenget som står i hovudnettet. Frå trykkreduksjonsbassenget blir vatnet fordelt til heile Stranda tettstad og industriområdet Svemorka. Dei måtte gjere strakstiltak ved å sanere vassbassenget i betong som hadde fått sprekker og det var fare for innsig. Det vart vidare opplyst at kommunen ikkje har ei eigen vedlikehaldsplan for vass-systema i kommunen. Men noko vedlikehaldsoppgåver er nemnt i beredskapsplan.

Ved revisjonen sin gjennomgang av beredskapsplanen i høve til plan for vedlikehald ved Stranda vassverk, fant vi følgjande punkt:

- Ein del kummar manglar drenering

- Kummane er ikkje merka i terrenget
- Kvaliteten på nokre av kummane er svært dårleg og treng rehabilitering
- Langlo-kummen har litt lekkasje
- Tindeskardelva har liten kapasitet i høve til forbruket
- Der er røyr som treng skikkeleg gjennom-spyling
- Diverse leidningsdata og kummer skal leggjast inn i digitalt kartverktøy (GISLINE)

Behov for vedlikehald var nedskrive, men ikkje tidspunkt for start og ferdigstilling av rehabiliteringsarbeidet.

Punkta ovanfor var plan for vedlikehald i 2019. Kommunen sine kommentarar til dette i dag er at det ikkje er vanleg å merke kummar i terrenget, men at dei skal vere innmålt og merka i VA-kartet. Når det gjeld lekkasje i Langlo- kummen, opplyser kommunen at Langlo-kummen er eit trykkreduksjonsbasseng og at det er snakk om innvendig lekkasje mellom kammera i bassenget. Det er ikkje lekkasje frå utsiden og inn eller omvendt. Når det gjeld Tindeskardelva , så er den berre reserve-vasskjelde. Det er leidning frå reserveinntaket til vassverket som har for liten dimensjon/kapasitet, ikkje sjølve elva. Angående røyr som treng skikkeleg spyling, så går det i dag under jamleg vedlikehalds arbeid. Kommunen opplysa om at dei i dag nyttar det digitale kartverktøyet Gemini.

Driftsoperatør på avløp informerte om at dei set opp ein arbeidsplan for året for kva som skal gjerast. Nokre utskiftingar er langsiktige, og dei som hastar blir reparerte med ein gong. Dei store prosjekta må inn på investeringsbudsjettet.

Det er fire driftsoperatørar som arbeider med vatn og avløp, og dei hjelper kvarandre med mindre utskiftingar. Ved større arbeid blir det leigd inn entreprenør.

Det vart opplyst at dei følgjer «Plan for tryggleik og beredskap for vassverka til Stranda kommune 2019» i det daglege arbeidet med vassforsyning og vass-system i kommunen.

Mattilsynet gjennomførte 28. oktober 2019 ein inspeksjon ved alle dei tre kommunale vassverka og fatta vedtak om at Stranda kommune måtte revidere eigen vedlikehaldsplan for vassforsyningssystema i kommunen. Mattilsynet hadde observert at vedlikehaldsplanen ikkje var revidert. Vedlikehaldsplanen måtte også byggje på ei risikovurdering og vere tilstrekkeleg detaljert:

«For å kunne ha ein oppdatert vedlikehaldsplan vil det vere nyttig at kartverk, viser plassering og dimensjon av vassleidningar, type kummar og andre installasjonar som er viktige for drikkevasstransporten fram til abonnentane, til ei kvar tid er oppdatert. I vedlikehaldsplan bør tidspunkta for planlagt reingjering, vedlikehald og fornying av distribusjonssystemet vere fastsett. Det å førebyggje innlekk av forureiningar, groe og korrosjon er mellom dei viktigaste omsyn som må takast ved utforming, drift og vedlikehald av vassforsyningssystem.»

Vår tilbakemelding frå kommunen på dette er at deira utfordring er at det må følgje med finansiering av tiltaka over investeringsbudsjettet. Med kommunens tilgjengelege låneramme vil dette verte ei utfordring også i framtida.

LEIDNINGSNETTET

- **Kommunen skal sikre at leidningsnettet er i tilfredsstillande stand, slik at vatnet ikkje blir forureina av helsefarlege materialar.**

Det vart i oppstartmøtet informert om at kommunen har nokre utfordringar med gamle vassleidningar kor nokre er av asbest. Dei gjer ingen skade så lenge dei ligg i ro, men begynner dei å sprekke så vil dei få utfordringar med å skifte desse ut. Dei må da skriftast ut i heile lange røyrstrekk.

Kommunen opplyste også at det er ei utfordring med dårleg kvalitet på røyrlegginga frå før 1990. på den tida blei det brukt mykje dårleg fyllingsmasse, som har ført til skader på røyra.

Årsmelding 2018 for Stranda kommune viser at det blei skifta eternittrør i Strandavegen og Framhus i 2018.

Driftsoperatør på vatn opplyste at dei utfører jamlege tiltak gjennom året for at leidningsnettet skal vere i tilfredsstillande stand og for å hindre at vatnet ikkje blir forureina. Leidningsnettet blir årleg spyla og dei passar på at det ikkje er for mykje undertrykk, men mest mogleg overtrykk. Dei kontrollerer jamleg høgdebassenga for å sjå om alt er i orden. Dei ser etter innlekk, om det er sprekker i materiala eller om skadedyr har kome inn. Dei har ei arbeidsplan for året for dette arbeidet.

PLAN FOR VASSPRØVETAKING


- **Kommunen skal utarbeide ein plan for å ta prøver av vassforsyninga.**

Kommunen har framvist utarbeidd plan for vassprøvetaking for 2021. Denne viser kva for prøve som er nødvendige å ta for å sikre at vatnet oppfyller krava i drikkevassforskrifta. Planen viser kor og når prøvene skal takast og kva for parameter dei ulike prøvene skal analyserast etter. Planen viser at råvassprøver og drikkevassprøver skal fordelast gjennom året.

Driftsoperatørane følgjer «Plan for vassprøvetaking i Stranda kommune 2021» og tek jamleg prøver av vatnet. Prøvene blir sendt med bil til laboratoriet kor vassprøvene blir testa. Kommunen får raskt tilbakemelding på dårlege prøveresultat. Det kan ta opptil ei veke å få tilbake resultat som er innafør grenseverdiane. Innbyggjarane må sjølv kontakte kommunen for å få vite prøveresultata. Det blir mest til at det er næringsmiddelfabrikkar i kommunen som tek kontakt om dette.

Ved revisjonen sin gjennomgang av kommunen si heimeside fann vi oversikt over prøveresultata av vassprøvene frå des. 2016 til des. 2020. Presentasjonen blir gjort ved hjelp av gule smilefjes eller meir moderate fjes. Noko som gjer det enkelt for innbyggjarane å forstå om resultatata er gode eller dårlege. I tillegg blir det gitt forklaringar i tekst. Under følger eksempel på dette:

Utklipp frå resultat av vassprøver frå vassverka i Stranda kommune

Uttaksdato	Rapport	Vurdering	Kommentar
18.05.20	 Rapport	😊	
05.05.20	 Rapport	😊	
21.04.20	 Rapport	😊	
31.03.20	 Rapport	😬	Påvist koliforme bakterier, ikke E.coli.
24.03.20	 Rapport	😊	
10.03.20	 Rapport	😊	
25.02.20	 Rapport	😊	
11.02.20	 Rapport	😊	
27.01.20	 Rapport	😊	
14.01.20	 Rapport	😊	
02.01.20	 Rapport	😊	
17.12.19	 Rapport	😊	
03.12.19	 Rapport	😊	
18.11.19	 Rapport	😊	

(Kjelde: heimesida til Stranda kommune juni 2021).

Vassprøver for 2021

Heimesida hadde ikkje informasjon til innbyggjarane om prøveresultat for 2021.

Det vart i oppstartmøte informert om at det var ukjent for dei at det ikkje var blitt registrert prøveresultat på heimesida frå januar til juni 2021. Årsaka kunne vere at laboratoriet kor prøveresultata kjem ifrå hadde flytta kontor frå Måløy til Moss.

Ved prøveresultat som er utanfor referanseverdiane og slik at vatnet ikkje er trygt å drikke, har kommunen rutine på å sende ut direkte melding til dei innbyggjarane det gjeld. Varselet går ut via sms, via kommunens heimeside og på Facebooksida. Dei må også gje rask beskjed til fabrikkane ved leidningsbrot og misfarga vatn.

På oppstartmøte vart det informert om at dei er fornøgde med at kommunen har hatt god kvalitet på drikkevatnet heilt sidan des. 2016. Det har ikkje vore nødvendig å sende ut kokevarsel til innbygarane dei siste 4-5 åra. Kommunen har mykje næringsmiddelindustri og må derfor vere veldig nøye med å følgje opp vasskvaliteten. Dei har ikkje hatt store utfordringar med vassforsyninga til fabrikkane.

2.3 REVISOR SI VURDERING

VEDLIKEHALD AV VASSFORSYNINGA

Vår undersøking viser at beredskapsplan for vassverka blir følgd av dei tilsette. Kommunen har ikkje ein tilstrekkeleg vedlikehaldsplan der tidspunkt for planlagt reingjering, vedlikehald og fornying av distribusjonssystemet er fastsett. Kommunen sikrar ikkje at beredskapsplan blir oppdatert.

LEIDNINGSNETTET

Vår vurdering er at kommunen utfører jamleg driftsoppgåver av leidningsnettet som sikrar at vatnet ikkje blir forureina av helsefarlege materialar. Dette blir understøtta av at kommunen opplyste at dei har hatt gode vassprøver dei siste 4-5 åra kor det ikkje har vore nødvendig med kokning av drikkevatnet.

PLAN FOR VASSPRØVETAKING

Stranda kommune har utarbeidd plan for vassprøvetaking for 2021. Prøveresultat for vassprøvene er synleg for innbygarane på heimesida frå des. 2016 til des. 2020 og viser gode resultat. Kommunen opplyste om at resultatata for 2021 også er like gode.

Drikkevassforskrifta §23 seier blant anna at vassverkseigar skal sikre at abonnentane til ei kvar tid har tilgang til oppdatert informasjon om drikkevasskvaliteten.

ANBEFALING

- Stranda kommune bør utarbeide vedlikehaldsplan for vassforsyningssystema i kommunen og sikre at den blir oppdatert.
- Stranda kommune bør ha rutinar for å sikre at resultat av drikkevassprøver til ei kvar tid, blir kunngjort for innbygarane på heimesida.

3. INTERNKONTROLL FOR VASSFORSYNING OG VASSKVALITET

3.1 PROBLEMSTILLING OG REVISJONSKRITERIER

PROBLEMSTILLING

- Har Stranda kommune etablert internkontroll for vassforsyning og vasskvalitet i kommunen, og blir denne følgt opp?

UTLEIDDE REVISJONSKRITERIER

- Kommunen skal utarbeide skriftleg internkontroll for vassforsyninga.
- Kommunen skal sikre at internkontrollen er oppdatert og at alle som bidrar med å produsere og levere drikkevattnet følger denne.
- Rutinane som kommunen har etablert for å sikre at krava til vatn og avløp blir følgt, skal vere ein del av internkontrollen.

3.2 FUNN

INTERNKONTROLL FOR VASSFORSYNINGA

Det vart i oppstartmøte informert om at kommunen har etablert internkontroll for vassforsyningssystemet. Kommunen har HMS reglement for heile kommunen i Compilo. Avdelinga for vatn og avløp har sitt eige digitale system i Gemini Portal. Der har dei eit årshjul for arbeidet som skal bli gjennomført og kor driftsoperatørane skriv inn utført arbeid. Der kan dei føre inn avvik som kan vere feil og manglar og kva som blei gjort med dette, og eventuelt kva som må følgjast opp. Kommunen var frå tidlegare vande med å at arbeidsoppgåvene låg føre skriftleg på papir. No er arbeidslister og planar digitale, og dei har begynt å registrere utført arbeid digitalt. Ansatte får opplæring i Gemini via leverandør, ved behov.

Driftsoperatør opplyste at det lenge har vore ei rutine på at dei har bøker liggande på kvart vassverk kor dei skriv inn i og registrerer utført arbeid. I dag arbeider driftsoperatørane med å få rutinar på å registrere utført arbeid og eventuelt avvik digitalt på Ipad eller telefon. Avvik som det hastar med å få gjort blir utført med ein gong.

I Årsmelding 2020 for Stranda kommune informerer einingsleiar om at teknisk avdeling i løpet av 2020 hadde innført nytt digitalt verktøy - Povel Gemini Portal. Innføringa vil på sikt føre til betre loggføring av hendingar i leidningsnettet, reinseanlegg, vassverk og annan infrastruktur, samt betre oversikt over naudsynt vedlikehald og faste gjeremål kvart år. Innføring av digitale verktøy vil også krevje at ein sett av tid til kurs og opplæring i systema for at dei skal verte nytta og utgjere ei forbetring.

Driftsoperatørane på vatn er kjent med Plan for vassmiljø og Hovudplan for avløp 2002-2005 og Kommunalteknisk VA norm for Sunnmøre 2015.

Internkontrollen av vassforsyningssystemet inneheld følgjande dokument:

- Plan for vassmiljø og Hovudplan for avløp 2002-2005
- Plan for tryggleik og beredskap for vassverka til Stranda kommune revidert 2018/2019

- Vedlikehaldsplan er ikkje utarbeidd (nokre punkt om manglar er implementert i Plan for tryggleik og beredskap for vassverka 2018/2019)
- Tiltakskort Utslepp i drikkevasskjelde
- Tiltakskort nr. 2 - Brann og eksplosjon
- Tiltakskort nr. 3.1 - Krisevatn Stranda vassverk
- Tiltakskort nr. 3.2- Krisevatn Hellesylt vassverk
- Tiltakskort nr. 3.3 - Krisevatn Geiranger vassverk
- Tiltakskort nr. 5 - Straumen er borte
- Tiltakskort nr. 7 - Sjøleidningsbrot
- Tiltakskort nr. 8 – Tett inntak
- Kommunalteknisk VA norm Sunnmøre inkl. 2015
- Kommunalteknisk VA norm Sunnmøre inkl. Stranda 2020
- Plan for vassprøvetaking 2021

Plan for tryggleik og beredskap for vassverka 2019 inneheld omtale om korleis vassforsyningssystemet er organisert og korleis ansvar og mynde er plassert. Denne skal oppdaterast årleg, men vart ikkje oppdatert i 2020. Rutinar for vassprøvetaking er omtalt i Plan for vassprøvetaking 2021. Arbeidsplanar og arbeidslister er utarbeidd digitalt. Desse omhandlar årshjul for når røyr skal spylast og kontrollerast. Prosedyrar for ulike arbeidsoppgåver er omtalt i Kommunalteknisk VA norm for Sunnmøre 2015.

Vi fekk i slutten av prosjektet opplyst av kommunen at Kommunalteknisk VA norm for Sunnmøre var blitt oppdatert i 2020. Versjonen finnes på [www.va-norm.no\stranda](http://www.va-norm.no/stranda)

Kommunen har utarbeidd Plan for vassprøvetaking 2021 etter krav i drikkevassforskrifta. Kommunalteknisk VA norm Sunnmøre 2015 inneheld dei tekniske krava som kommunen har vedtatt for å sikre teknisk kvalitet med omsyn til overordna målsetjing i planar og rutinar når kommunen skal eige, drive og vedlikehalde VA-anlegg (VA = Vann og Avløp).

Kommunen arbeider i tillegg med å legge inn prosedyrar for arbeidsoppgåvene digitalt. Driftsoperatørane registrerer utført arbeid, digitalt og på papir i protokollar som ligg i kvart vassverk. Avvik og tiltak blir registrert på same måte.

I intervju kom det fram at planane blir følgde av dei tilsette. Ikkje alle planane er oppdaterte. Plan for tryggleik og beredskap for vassverka 2019 skal oppdaterast årleg, men er ikkje oppdatert sidan 2019. Plan for vassmiljø og Hovudplan for avløp 2002-2005 er ikkje oppdatert. Forskrift og rettleiar er oppdatert i seinare tid, i 2017 og 2020.

Rullering av Hovudplan for avløp og vassmiljø blei vedteke starta opp, av kommunestyret i Stranda kommune 19.08.2009 i sak nr.079/09. Bakgrunn for saka var at eksisterande plan for vassmiljø og hovudplan for avløp vart utarbeida i 2002 med tidshorisont 2002-2005. Det var behov for rullering av planen.

Kommunen har ikkje vist nyare plan til revisjonen.

3.3 REVISOR SI VURDERING

INTERNKONTROLL FOR VASSFORSYNINGA

Vår vurdering er at Stranda kommune har etablert internkontroll for vassforsyning og vasskvalitet i kommunen som stort sett er i tråd med drikkevassforskrifta. Dei tilsette på tenesteområdet er kjent med planane og dei blir følgde. Nokre av planane er tilstrekkeleg oppdaterte og andre er ikkje oppdaterte.

Vår vurdering er vidare at Stranda kommune bør sikre at planer i internkontrollen blir jamleg oppdaterte etter dei krav som er utarbeidd. Det er tidlegare vedtatt i kommunestyret at Plan for vassmiljø og Hovudplan for avløp 2002-2005 skulle bli revidert og oppdatert. Vi har ikkje fått førelagt slike oppdaterte planer. Rettleiar til drikkevassforskrifta blei oppdatert i 2020 og drikkevassforskrifta er frå 2017.

ANBEFALING

- Stranda kommune bør ha rutinar for å sikre at planer i internkontrollen blir oppdatert etter planlagt intervall og revidert lovverk på området.

4.FAREKARTLEGGING OG BEREDSKAPSPLAN

4.1 PROBLEMSTILLING OG REVISJONSKRITERIER

PROBLEMSTILLING

- Har Stranda kommune gjennomført farekartlegging og utarbeidd beredskapsplan for tilgjengeleg og trygt drikkevatt?

UTLEIDDE REVISJONSKRITERIER

- Kommunen skal utarbeide beredskapsplan for tilgjengeleg trygt drikkevatt og sikre at den er oppdatert og at den blir følgd.
- Ved utarbeiding av beredskapsplan skal kommunen kartlegge farar som må reduserast eller bli fjerna for å sikre levering av helsemessig trygt drikkevatt.

4.2 FUNN

BEREDSKAPSPLAN

Kommunen har utarbeidd «Plan for tryggleik og beredskap for vassverka til Stranda kommune 2019». Planen vart utarbeidd i 2018 med basis i rettleiar for auka tryggleik og beredskap i vassforsyninga, Mattilsynet 2006. Planen blei oppdatert i 2019.

I planen blir det opplyst om at: «Lovgrunnlaget som er nytta i utarbeiding av plana er i hovudsak LOV-2000-06-23-56, Lov om helsemessig og sosial beredskap (helseberedskapsloven). LOV-2010-06-25-45, Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelses tiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven).»

I planen blir det vidare opplyst at: «Tryggleik i vassforsyninga er i dei fleste kommunar til no teke med i hovudplanen for vassforsyning. Ein plan for tryggleik og beredskap skal utdjupe hovudplanen og innehalde handlingsplanar for ulike beredskapssituasjonar som mest sannsynleg kan oppstå i kommunen. I Stranda kommune er det ikkje utarbeidd hovudplan for vassforsyning.»

Det blei i oppstartmøtet opplyst at det var gjennomført farekartlegging ved utarbeiding av Plan for tryggleik og beredskap for vassverka til Stranda kommune.

Driftsoperatørane følgjer strenge rutinar for sikkerheit. Dei låser vassverka for at ikkje uvedkomande skal kunne kome seg inn og forureine vatnet. Det er også installert innbrotsalarm på dei fleste bassenga. Mattilsynet har hatt kontrollar på dette området og det er fokus på at kommunen skal ha gode rutinar for sikkerheit på området.

I intervju med driftsoperatør på vatn vart det opplyst at driftsoperatørane følgjer beredskapsplanen i det daglege arbeidet. Planen omtalar farar og manglar som må reduserast eller bli fjerna for å sikre levering av helsemessig trygt drikkevatt.

Nedanfor blir det vist litt utdrag frå beredskapsplanen som omhandlar kommunen sin beredskap for å oppretthalde vassforsyning under kriser og katastrofar.

Stranda vassverk

Ved bruk av krisevasskjeldene, utanom reserveinntaket Tindeskardet, kan ein bruke ein av følgjande løysingar:

- 1) Eigne tankbilar, 12 000 liter og 15 000 liter
- 2) Bruk av kommunen sine klortankar på 500 l
- 3) Bruk av kommunen sine brannbilar. Klor og doseringsutstyr er tilgjengeleg på vassverket.
- 4) Pumpe vatn frå Storelva, eller Fursetelva

Beste kjelde for krisevatn:

- 1) Tindskardelva
- 2) Langloelva
- 3) Storelva
- 4) Fursetelva

Kommunen opplyser om at beredskap plana si bruk av omgrepet krisevatn eigentleg er naudvatn, ifølgje begrip som i dag blir nytta i lovverket på området. Naudvatn er drikkevatt levert utanom ordinært leidningsnett, t.d. i vasstankar, tankbilar og oppfylling av høgdebasseng. Kan være t.d. vatn frå Stranda vassverk som fylles på tankbil og transporterast til Hellesylt, dersom Hellesylt vassverk er ute av drift.

Krisevatn er heilt ubehandla vatn levert via leidningsnettet, og kan ikkje nyttast som drikkevatn.

Hellesylt vassverk

Ringdals bassenget kan nyttast til reservevasskjelde så lenge behandlingsanlegget er i drift.

Utkøyring av vatn er aktuelt for mindre delar av nettet og direktetilkøyring til reintvassmagasinet ved kortvarige avbrot.

Desse er aktuelle som krisevasskjelder:

- Bygdaelva
- Frøysadalselva
- Langedalselva

Ved bruk av krisevasskjeldene brukar ein av følgjande løysingar:

- 1) Eigne tankbilar, 12 000 liter og 15 000 liter (brannbilar)
- 2) Bruk av kommunen sine klortankar på 500 l
- 3) Bruk av kommunen sine brannbilar. Klor og doseringsutstyr er tilgjengeleg på vassverket.
- 4) Ved bruk av Langedalselva til kriseforsyningskjelde må ein pumpe vatn frå elva ved Nybø og opp til behandlingsanlegget ved Humlemyra.

Beredskapsplan har vedlegg med eiga Tiltakskort for iverksetjing av krisevassforsyning ved Hellesylt vassverk. Tiltakskortet blei sist revidert 17.01.2013.

Kommunen opplyser om at beredskap plana si bruk av omgrepet reservevatn er drikkevatn som blir levert via ordinært leidningsnett, men ikkje frå primær/hovudkjelde.

Geiranger vassverk

Følgjande kjelder kan nyttast ved vassforsyning med tankbil:

Utkøyring av vatn er aktuelt for mindre delar av nettet og direktetilkøyring til reintvassmagasinet ved kortvarige avbrot.

Desse er aktuelle som krisevasskjelder:

- Vesteråselva

Ved bruk av krisevasskjeldene brukar ein av følgjande løysingar:

- 1) Eigne tankbilar, 12 000 liter og 15 000 liter.
- 2) Bruk av kommunen sine klortankar på 500 liter.
- 3) Bruk av kommunen sine brannbilar. Klor og doseringsutstyr er tilgjengeleg på vassverket.

Beredskapsplan har vedlegg med eiga Tiltakskort for iverksetjing av krisevassforsyning ved Geiranger vassverk. Tiltakskortet blei sist revidert 17.01.2013.

Beredskapsplan har vedlegg med Tiltakskort for strakstiltak som skal gjennomførast ved straumbrot og aggregata ikkje startar. Tiltakskortet blei sist revidert 17.01.2013.

Beredskapsplanen har vedlegg med Tiltakskort for strakstiltak som skal gjennomførast ved tette vassinntak. Tiltakskortet blei sist revidert 17.01.2013.

Kommunen har døgnkontinuerleg vaktordning (Utdrag frå «Plan for tryggleik for vassverka til Stranda kommune 2019).

Vedlegg til beredskapsplanen er Tiltakskort som beskriv korleis krisevassforsyninga skal settast i gang. Tindeskardelva kan i frostperiodar ha for liten kapasitet. Alternativ krisevassforsyning utbetrast. Tiltakskortet var sist revidert 17.01.2013.

Tilsyn frå Mattilsynet

Mattilsynet gjennomførte inspeksjon ved Stranda vassverk 2. des. 2020 og tilsyn av kommunens beredskapsplan. Følgjande vedtak blei fatta:

«For å sikre at regelverket blir følgt på dette området, opprettar Mattilsynet vedtak om å revidere beredskapsplan og ROS-analyse for vassforsyninga i Stranda kommune.»

«Beredskapsplan og ROS-analyse for vassforsyninga i Stranda kommune har ikkje vore revidert sidan 2018. Det er lagt opp til årleg revidering.»

Kommunen fekk frist til 1. juni 2021 til å revidere beredskapsplan og ROS-analyse for vassforsyninga i Stranda kommune. Kommunen fekk ny frist til 1. november 2021.

Kommunen har ikkje framvist beredskapsplan for revisjonen, som er revidert etter Mattilsynet sitt tilsyn i 2020.

I oppstartmøte med administrasjonen blei det opplyst at kommunen har utfordring med for små basseng med naudvatn hovudsakeleg i Geiranger, men også Hellesylt. Ved kriser må området kunne forsyne innbygarane med naudvatn. Det er ein risiko forbundet med dette om sommaren når Geiranger har mange tilreisande og turistar. Ved ei krise vil det bli behov for eit stort reservoar med naudvatn.

I Årsmelding 2019 for Stranda kommune informerte einingsleiar om at dei hadde fått krav frå Mattilsynet om å styrke reintvassmagasinkapasiteten i Geiranger. Kommunen måtte ta høgde for og dimensjonere for at det er vesentleg fleire menneske om sommaren i Geiranger.

Ifølge opplysningar til revisjonen har kommunen fortsett utfordringar med dette.

Ifølge kommunen skal dei oppdatere «Plan for tryggleik og beredskap for vassverka 2019», når det gjeld informasjon om naudvatn, som er vatn som er reint nok til drikkevatt. Planen omtalar i dag berre krisevatn til bruk ved kriser og katastrofar.

BEREDSKAPSØVING

Plan for tryggleik for vassverka til Stranda kommune 2019 inneheld krav til beredskapsøvingar:

«Det skal vere beredskapsøvingar kvart år som omfattar eitt vassverk per år. Øvinga kan vere ein teoretisk gjennomgang. Driftsinstruksen for vassverket har opplegg for funksjonstesting og kontroll av utstyr. Dette opplegget vil i stor grad dekke behov for praktiske øvingar. Deltakarar er personell ved kommunalteknikk.»

Det blei i oppstartmøte opplyst om at det er ei stund sida dei har hatt beredskapsøving innan vatn. Den siste var ei teoretisk øving. Dei øvde på å legge ut ny slange og simulere forureining.

Kommunen har ikkje utarbeida plan for beredskapsøvingar innan vatn.

Driftsoperatør på vatn informerte om at driftsoperatørane kjenner godt til beredskapsplanen for vassverka i kommunen. Dei kjenner ikkje til at det er utarbeidd plan for beredskapsøvingar. Dei har ikkje hatt beredskapsøving kvart år, men har hatt ei teoretisk øving for Geiranger vassverk i 2020 som Mattilsynet fekk oversendt dokumentasjon på.

Tilsyn frå Mattilsynet

Mattilsynet gjennomførte 8. desember 2016 tilsyn av kommunens beredskap ved det største vassverket i kommunen, som er Stranda vassverka. Hovudintrykket av vassverket var godt. Vassverket hadde god kompetanse, gode driftsrutinar og god oversikt over leidningsnett for alle tre vassverk. Mattilsynet fann forhold som ikkje var i tråd med regelverket. I kommunens beredskapsplan for vassverka er det i punkt 5.3 skreve følgjande:

«Det skal vere beredskapsøvingar kvart år som omfattar eitt vassverk per år. Øvinga kan vere ein teoretisk gjennomgang. Driftsinstruksen ved vassverka har opplegg for funksjonstesting og kontroll av utstyr.»

Mattilsynet skriv i rapporten at dette opplegget i stor grad vil dekke behovet for praktiske øvingar. Dei viser til drikkevassforskrifta §11 og vidare til §7 som seier: «Virksomheten skal sørge for at personell som er tiltenkt oppgaver i beredskapsplanen er øvet og har nødvendig beskyttelsesutstyr og kompetanse.»

Ved den årlege innrapporteringa frå vassverka går det fram at det ikkje var gjennomført beredskapsøving for vassforsyninga i 2014 og 2015. Det vart gjennomført slik øving i 2013. Vidare opplyste vassverket at det var gjennomført ei slik øving i 2016. Sistnemnde øving gjaldt Hellesylt vassverk og etablering av krisevassforsyning etter simulert fonn som blokkerte ordinært inntak frå råvatn. Øvinga då gjekk ut på å etablere inntak frå leidning for vasskraft og føre vatnet opp og inn på behandlingsanlegget.

Mattilsynet meinte at beredskapsøvingar i sum skal øve og trene alt aktuelt mannskap i beredskap. Utstyr som er tenkt brukt i beredskap skal testast med jamne mellomrom. Øvingar kan vere i ulik form og omfang og skal vere tilpassa vassverka sin storleik og organisasjon. Føremålet med øving over tid er å teste heile beredskapsplanen.

Ein plan for slike øvingar kan dreie seg om ulike tema som skal øvast, og rulleringa kan gå over fleire år. Evaluering av øvingane bør vere skriftleg, slik at det blir dokumentert kva som vart øvd og kva slag forbetningspunkt som blei avdekt.

KOMMUNEN OG PRIVATE VASSVERK

Kommunen er ikkje vassverkseigar for private vassverk. Så lenge kommunen ikkje eig vassverket har den heller ikkje ansvar som vassverkeigar etter drikkevannsforskriften. Det er Mattilsynet som kan kontrollere og gjennomføre tilsyn med private vassverk.

Drikkevassforskrifta §11 har krav til leveringssikkerheit av vatn og beredskap. Kommunen har etter loven ei plikt til å utarbeide ein beredskapsplan for dei helse- og sosialtenestene dei er ansvarlege for. Beredskapsplanen skal også omfatte tenester som etter avtale blir tilbydd av private verksemdar. Dette inneber at kommunen vil ha eit ansvar for at det ligg føre beredskapsplanar for hendingar som kan medføre reduksjon i private vassverk sine evner til å yte dei tenestene dei har ansvar for. Intensjonen med kravet er at den einskilde verksemda må førebu prosedyrar som gjer dei i stand til å oppretthalde tenestetilbodet ved kriser. Kommunen har hovudansvaret for vassforsyninga og den skal leggje grunnlaget for at alle innbyggjarane får tilfredsstillande vassforsyning. Dette inneber ikkje at kommunen sjølv må stå for vassforsyninga, men sørge for at, dersom den blir gitt av private, blir gjort på ein tilfredsstillande måte («Vann- og avløpsrett», Norsk Vann 2010).

I beredskapsplan for dei kommunale vassverka i kommunen har kommunen inkludert det private vassverket Liabygda vassverk. Revisjonen kan ikkje sjå at det er omtalt i beredskapsplanen kva for tiltak kommunen vil sette inn for å hjelpe innbyggjarar som er tilknytt det private vassverket, dersom det skulle oppstå ei krise med vassforsyninga.

Det blei på oppstartmøte informert om at kommunen samarbeider med det private vassverket i Liabygda, når dei spør om det. Kommunen kan delta på deira årsmøte. Kommunen vil stille opp og levere vatn til dei om det skulle oppstå kriser. Kommunen eig delar av leidningsnett til det private vassverket. Liabygda vassverk har tilstrekkeleg med vasskapasitet og er sjølvhjelpen med slokkevatn ved brann.

Driftsoperatørane har ikkje hatt kontakt, samarbeid eller noko avtale direkte med det private vassverket i Liabygda. Dei kjenner ikkje til at det private vassverket har hatt behov for hjelp frå kommunen med noko innan vass- og avløpssystem eller vassforsyning. Dei kjenner til at kommunen eig leidningsnett bort til det private vassverket i det kommunale byggefeltet.

4.3 REVISOR SI VURDERING

BEREDSKAPSPLAN

- Kommunen skal utarbeide beredskapsplan for tilgjengeleg trygt drikkevatn og sikre at den er oppdatert og at den blir følgd.

Vår vurdering er at Stranda kommune har utarbeidd beredskapsplan for tilgjengeleg vatn.

Det vart i oppstartmøte opplyst at det blei gjennomført farekartlegging ved utarbeiding av Plan for tryggleik og beredskap for vassverka til Stranda kommune.

Beredskapsplan har ikkje ei tydeleg plan for korleis kommunen skal sikre levering av trygt drikkevatt ved kriser. Kommunen bør som einingsleiar også informerte om, oppdatere beredskapsplan med ei plan for tilgjengeleg naudvatn, som er reinsa og drikkeklart vatn. Beredskapsplan omtalar i dag berre krisevatn.

Vår vurdering er at kommunen bør sikre årleg oppdatering av beredskapsplan, i tråd med krav omtalt i planen. Då vil kommunen også kunne legge inn oppfølging frå vedtak etter tilsyn frå Mattilsynet.

Etter vår vurdering er kravet om at tilsette innan vatn skal følgje beredskapsplan, oppfylt.

BEREDSKAPSØVING

Ifølgje drikkevassforskrifta §7 skal vassverkseigar utarbeide ein plan for beredskapsøvingar og sikre at planen er oppdatert og blir følgt. Kommunens beredskapsplan har ytterlegare krav til dette:

«Det skal vere beredskapsøvingar kvart år som omfattar eitt vassverk per år. Øvinga kan vere ein teoretisk gjennomgang. Driftsinstruksen for vassverket har opplegg for funksjonstesting og kontroll av utstyr. Dette opplegget vil i stor grad dekke behov for praktiske øvingar. Deltakarar er personell ved kommunalteknikk.»

Vår undersøking viser at kommunen ikkje har utarbeidd plan for beredskapsøvingar innan vatn og heller ikkje har gjennomført øvingar kvart år. Øving av eigen beredskapsplan vil vise om den planlagde beredskapen er god. Ei evaluering av kvar øving vil vere nyttig for bruk i den årlege oppdateringa av beredskapsplanen.

KOMMUNEN OG PRIVATE VASSVERK

I oppstartmøte kom det fram informasjon om at kommunen har ein strategi på at dei skal stille opp og levere vatn til abonnentane til det private vassverket, om det skulle oppstå ei krise som gjer at dei ikkje får vatn.

Ifølgje Drikkevassforskrifta §11 har kommunen eit ansvar for at det ligg føre beredskapsplanar for hendingar som kan medføre reduksjon i private vassverk sine evner til å yte dei tenestene dei har ansvar for.

Vår vurdering er at dette bør vere omtalt i kommunen sin beredskapsplan for vassverka.

ANBEFALING

- Stranda kommune bør sikre årleg oppdatering av beredskapsplan, slik det er sett krav om i planen
- Stranda kommune bør utarbeide plan for beredskapsøvingar for dei tilsette innan vassforsyningssystema og sørge for at dette blir gjennomført årleg i tråd med plan.
- Stranda kommune bør skrive inn i beredskapsplan for vassverka at kommunen bidrar med bistand til levering av trygt drikkevatt ved kriser, også til innbyggjarar som er abonnentar ved det private vassverket i kommunen

5.AVLØPSNETTET

5.1 PROBLEMSTILLING OG REVISJONSKRITERIER

PROBLEMSTILLING

- Følgjer kommunen opp sitt ansvar som eigar av avløpsnett?

UTLEIDDE REVISJONSKRITERIER

- Kommunen skal sikre at avløpsnett blir dimensjonert, bygd, drive og vedlikehalde med best mogleg tilgjengeleg teknologi og fagkunnskap.
- Kommunen skal sikre at avløpsvatnet har rett mengde og eigenskapar, og førebygge lekkasjar.
- Kommunen skal sikre at forureining i avløpsnett blir avgrensa.

5.2 FUNN

AVLØPSNETTET

I intervju med driftsoperatør på avløp kom det fram informasjon om at Stranda kommune har 10-12 avløpsspumpestasjonar og to reinseanlegg for avløpsvatn som ligg nede ved fjorden.

Det blei opplyst at avløpsnett i kommunen ikkje er tilstrekkeleg dimensjonert for den mengde avløpsvatn som må passere gjennom systemet i dag. Utfordringane oppstår ved mykje nedbør. Dei har årleg nokre uhell med at det er kome inn avløpsvatn i kjeller på hus. Det har også skjedd eit par gonger i år. Då rykkjer dei ut og sett på tilbakesklagsventil til huset som er ramma. I dag er ofte tomtene meir tildekt av garasjar, bodar, asfalt eller brustein med sluker som blir overfylte. Det har og skjedd at avløpsvatn har kome ut av avløpskummer og ut i terrenget. Då rykkjer dei ut og prøver å styre kloakken i ei anna retning på eit tidlegare punkt i avløpsnett.

Kommunen sine reinseanlegg er også underdimensjonert i høve til den mengde dei må reinse frå mange industribedrifter i kommunen. Kommunens reinseanlegg er dimensjonert til å ta imot opptil

10000 pe avløpsvatn, men kan no kome over 18000 pe. Kommunen har vært i dialog med bedriftene og informert om at dei må sleppe ut mindre mengde organisk avfall i gongen, og nokre av dei har skaffa eigne reinseanlegg.

DRIFT OG VEDLIKEHALD

Driftsoperatør på avløp opplyser at dei har filmutstyr slik at dei kan kontrollere røyra innvendig. Dei har stakekamera som dei skubbar gjennom røyra og fjernstyrte bilar som dei kan køyre gjennom røyra med. Ein til to gonger i året gjennomfører dei ein grundig kontroll. Elles kan dei bruke dette utstyret ved mistanke om at noko er gale. Dei har også spyleutstyr som dei brukar til å vaske og vedlikehalde røyra.

Dette arbeidet er med på å hindre, kontrollere og oppdage sprekker og lekkasjar i avløpsrøyra. Det kan og vere at folk varslar om at noko er gale og at dei rykkjer ut og løyser problemet ved hjelp av filmutstyr eller spyling. For eksempel ved nybygg i store byggefelt har det skjedd at kloakkrøyr har tetta seg. Då dei undersøkte fann dei stein og plastbitar som hadde samle seg opp i byggjeprosessen. Det er slikt som kan skje i samband med at det er fleire store utbyggingar i kommunen. Dårlege røyr blir skifta ut etter kvart som det blir naudsynt som følgje av at det oppstår problem.

I Årsmelding 2020 for Stranda kommune opplyser einingsleiar at det er gjennomført hovudservice på begge reinseanlegga i 2020.

I intervju med driftsoperatør blei det opplyst at kommunen har jobba mykje med fornyingar av avløpsrøyr i sentrum av Stranda og Geiranger. Kommunen har planer framover i samband med bygging av gangveg. Då blir det samstundes fornyingar på avløpsnett og sjøleidningar. Desse utskiftingane er vedteke politisk, men det er ikkje utarbeidd ei vedlikehaldsplan generelt for fornyingar av avløpssystema i kommunen for åra framover.

Avvik blir registrert i kommunen sitt kvalitetssystem Compilo. Der blir alle uønskte hendingar i kommunen innan HMS registrert. Andre avvik innan vass og avløp kan dei no registrere i Gemini Portal som blei innført i 2020. Driftsoperatørane registrera også avvik og tiltak i protokoll som ligg ved kvar stasjon. Alle pumpestasjonar blir besøkt og kontrollert kvar veke.

Driftsoperatørane på avløp har starta med å lage skriftlege rutinar for korleis dei skal utføre arbeidsoperasjonane. Dei har møte kvar fjerde veke der dei legg inn to nye arbeidsrutinar saman med leiinga. Dei er vande til å arbeide etter erfaring og leggje inn alarm slik at pumpene varslar når det er behov for service. Dei jobbar no med skriftlegjering av rutinane slik at det skal vere greitt for andre å ta over jobben ved behov.

Når driftsoperatørane er ute på arbeid på anlegga følgjer dei «Kommunalteknisk VA norm for Sunnmøre». Arbeidet med VA norm starta i 2014 og blei avslutta i 2015 og blei oppdatert i 2020. VA norm er utarbeidd etter mal frå Norsk Vann og er eit samarbeid med åtte andre kommunar på Sunnmøre.

Driftsoperatørane er kjent med Plan for vassmiljø og Hovudplan for avløp 2002-2005.

Driftsoperatørane på avløp har delteke på kurs arrangert av Driftsassistansen ein gong i året.

OVERLØP

I intervju med driftsoperatør på avløp blei det opplyst at det blir overløp av avløpsvatn frå kummer ved mykje nedbør. Nedbøren blandar seg i avløpsvatnet. Overløpsvatn går ikkje innom reinseanlegget, men blir leda rett til sjøen.

Stranda reinseanlegg er dimensjonert til å ta imot 18000 pe med avløpsvatn. Noko som gjer at 180 liter avløpsvatn per sekund kan gå gjennom røyra. Avløpsvatn føres over i kummer og når det går over en terskel er det fullt. Då renn det overstigande avløpsvatnet over i eit overvass- system.

Kommunen har også hatt ein del overløp pga. matindustri. Det har dreidd seg om organisk avfall som maskinene ikkje har greidd å ta unna. Dette er blitt betre etter at kommunen har hatt uformell dialog med fabrikkane om dette problemet.

Kommunen har ikkje skriftleg oversikt over kor alle overløp er lokalisert på avløpsnett. Driftsoperatørane har erfaringsbasert kunnskap om kor dei fleste er, men ikkje over alle på det gamle avløpsnett.

Overløpa på nyare avløpsnett er skrevet på papir og lagra i permar som ligg på pumpestasjonane. Noko av denne informasjonen er også lagt inn i det interne digitale systemet FDV (Forvaltning, Drift og vedlikehald).

Ute i feltet arbeider driftsoperatørane ofte etter dei papirbaserte permene. Der er også bilete av røyr og kummer lagra. Noko informasjon ligg i kartsystem digitalt som dei kan sjå på Ipad eller mobiltelefon. Om dei ønsker informasjon om ein overvasskumme, kan dei enkelt få fram bilete på Ipaden.

Dei jobbar med å legge inn meir informasjon digitalt, slik at det skal bli mulig og hente informasjon om arbeid og erfaringer som er gjort på området. Dette er også viktig for nytilsette.

Dei gamle overløpspunkta i dei gamle røyrene blir ikkje prioritert å leggje inn digitalt sidan dei skal skiftast ut. Dei tilsette veit omtrent kor dei er, og det vil bli oppdaga der kor overvatn flyt opp til overflata frå kummer. Alle hus i bustadområde er tilknytt kummer og innbyggjarane vil sjå om det kjem opp avløpsvatn. Det har skjedd nokre gonger, og kommunen blir varsla raskt av innbyggjarane når det skjer. Driftsoperatørane kan også oppdage dette på andre stadar når dei til dømes er ute på andre kontrollar eller liknande.

Driftsoperatørane på avløp har etterlyst ein overordna strategi for korleis overvatn skal handterast. Det har vore oppe til politisk behandling for nokre år sidan. Då var det snakk om løyving av midlar til konsulenthjelp for å greie ut dette. Men det blei ikkje vedteke noko løysing på dette problemet. Slik det er i dag må dei gjennomføre fleire reparasjonar etter kvar flom eller mykje nedbør. Ved mykje nedbør som gjer elvane store blir bruer øydelagt og fundament vaska bort. Driftsoperatørane saknar ein plan på korleis dei skal handtere overvatnet. Problemet vil berre auke sidan det er forventa meir nedbør i framtida. Det som gjer situasjonen verre er at det no er færre beitedyr i området, slik at skog og kratt gror att. Dette fører til at vatnet flytter seg ytterlegare i uheldige retningar.

I Årsmelding 2019 for Stranda kommune opplyste einingsleiar at ein ikkje har fått prioritere å utarbeide overvassplan i 2019. Det gjekk vidare fram at dei framleis har utfordringar knytt til at store mengder overvatn kjem inn i avløpsnettet ved større regnskyll. Årsmelding 2020 har ingen informasjon om at overvassplan er utarbeidd i 2020.

AVGRENSE FORUREINING

Kommunen opplyste om at der det ikkje er sjølvfall på leidningsnettet, ligg det pumpestasjonar som fører avløpsvatnet frem til reinseanlegget.

Reinseanlegget stoppar automatisk og sende alarm viss den siste pumpestasjonen er overfylt.

Tidlegare gjekk organisk avfall frå næringsindustrien, som maskinene ikkje greidde å ta unna, rett i fjorden. I dag har nokre av fabrikkane etablert egne reinseanlegg for avfallet. Dette gjeld bedrifter som har forskriftskrav til forbehandling av industrivatn. Kommunen har framleis store utfordringar knytt til påslepp frå industrien.

Overløpsvatnet går ut i fjorden. Det kommunen har gjort er å forlenge røyrene slik at avløpsvatn frå overløp blir sleppt i sjøen så djupt at det er mindre sannsynleg at avløpsvatnet stiger opp i overflata.

Fjorden er 600 meter djup. Kommunen har også arbeidd med å få bort overløpsvatn frå lakseelvar. Alle overløp blir registrert i alarm til overvakingsentral.

I Årsmelding 2019 for Stranda kommune blei det opplyst om at dei hadde kopla om to av kommunen sine direkte utslepp av kloakk til reinseanlegget på Stranda. Dei skulle arbeide vidare med å få vekk kommunen sine resterande direkteutslepp.

Driftsoperatørane på avløp følgjer «Plan for avløpsprøvetaking 2021» for dette arbeidet. Dei tek prøver av avløpsvatnet ein gong kvar månad. Prøvene blir sendt til laboratoriet Eurofins i Moss. Kommunen mottek svar etter ei veke.

Det vart opplyst at kommunen klarer kravet ved dei fleste prøvene ved reinseanlegget i Geiranger. Dette er vanskelegare å oppnå ved reinseanlegget i Stranda. Årsaka er stor mengde organisk avfall frå industrien. Det er samansetninga av avløpsvatnet på Stranda som gjer utfordringar. Sjølve reinseanlegget er tilstrekkeleg dimensjonert. Belastninga berekna ut ifrå samansetninga og mengde inn til reinseanlegget, ligg vesentleg over krava i lovverket. Dette fører til at kommunen må søkje om utsleppsløyve. Dette er det Statforvalteren som er mynde for.

Ved vår gjennomgang av saker i kommunestyret i 2021 fann vi ikkje noko som omhandlar overløp av avløpsvatn eller noko anna innan avløp i Stranda kommune. Det næraste var frå kommunestyremøtet 28.4.2021 sak 019/21, som omhandla planlagt avløpsanlegg på Kvasneset i Sula kommune.

5.3 REVISOR SI VURDERING

Kommunen gjennomfører vedlikehold av avløpsnett og har tilgjengeleg teknologi i form av ulike kamera, som gjer det mogleg å sjå inn i røyra ved kontrollar. Informasjonen vi har motteke ser ut til å vise at driftsoperatørane har nok fagkunnskap for desse oppgåvene.

Noko fornyingar er gjennomførte. Det blir og gjort tiltak for å førebyggje lekkasjar og tiltak for å avgrense forureining.

I intervju er det opplyst at avløpsnett i kommunen ikkje er tilstrekkeleg dimensjonert for den mengde avløpsvatn som må passere gjennom systemet i dag. Lovverket sier at kommunen skal sikre at avløpsnett blir dimensjonert, bygd, drive og vedlikehalde med best mogleg tilgjengeleg teknologi og fagkunnskap. Med bakgrunn av dette bør Stranda kommune vurdere kva som kan bli gjort med avløpsnett sin kapasitet for å kunne ta unna den mengde avløpsvatn som passerer gjennom systemet i dag.

Driftsoperatørane på avløp har etterlyst ein overordna strategi for korleis overvatn skal blir handtert.

Kommunen opplyste i Årsmelding 2019 at kommunen framleis har utfordringar knytt til at store mengder overvatn kjem inn i avløpsnett ved større regnskyll. Kommunen fekk ikkje prioritert å utarbeide overvassplan i 2019.

Vår vurdering er at Stranda kommune bør utarbeide ei handlingsplan på korleis overvatn skal bli handtert.

Ved reinseanlegget i Stranda greier ikkje kommunen å holde seg innanfor reinsekravet til forureining slik det er i dag. Årsaka er stor mengde organisk avfall frå industrien.

Kommunen skal sikre at avløpsvatnet har rett mengde og eigenskapar og sikre at forureining i avløpsnett blir avgrensa. På bakgrunn av dette bør kommunen komme i meir i formell dialog med industribedriftene i kommunen for å avtale betre løysingar på utslepp av organisk avfall.

ANBEFALING

- Stranda kommune bør vurdere kva som kan bli gjort med avløpsnett sin kapasitet for å kunne ta unna den mengde avløpsvatn som passerer gjennom systemet i dag.
- Stranda kommune bør utarbeide ein handlingsplan på korleis overvatn skal handterast i kommunen.
- Stranda kommune bør sikre at industribedriftene har betre løysingar for utslepp av organisk avfall.

6.REFERANSELISTE

Forskrift om vassforsyning og drikkevatt (drikkevassforskrifta) §6, §7, §11, §15, §16, §19,

Forurensningsloven §21 og §24

Forureiningsforskriften §13-6

Jacobsen, Guttorm, Advokatfirmaet Haavind AS. «Vann- og avløpsrett». Utgitt av Norsk Vann 2010. Lest 17.06.2021.

Kommunestyrevedtak

Kommunalteknisk VA norm for Sunnmøre 2015

Kommunalteknisk VA norm for Sunnmøre, elektronisk dokument oppdatert 2020

Mattilsynet Tilsynsrapport frå tilsyn ved Hellesylt vassverk

Mattilsynet , Tilsynsrapport frå tilsyn Stranda, Hellesylt og Geiranger

Mattilsynet, Tilsynsrapport frå tilsyn med vassforsyning

Mattilsynet , Tilsynsrapport- - tilsyn Stranda vassverk

Mattilsynet, Rapport etter tilsyn med reinvassbasseng

Mattilsynet , Vedtak om revidering av beredskapsplan

Mattilsynet, Vedtak om revidering av vedlikehaldsplan

Plan for vassmiljø og Hovudplan for avløp 2002-2005

Plan for vassprøvetaking i Stranda kommune 2021

Prøveresultat på vatn siste 5 åra

Samtale med Rådmann (oppstartmøte)

Samtale med kommunalsjef plan og utvikling (oppstartmøte)

Samtale med einingsleiar næring og kommunalteknisk (oppstartmøte, samtale på telefon og e-postar)

Samtale med driftsoperatørar/formann på vatn (telefonintervju)

Samtale med driftsoperatør/formann på avløp (telefonintervju)

Tryggleik og beredskapsplan for vassverka til Stranda kommune 2019

Tiltakskort Utslepp i drikkevasskjelde

Tiltakskort nr. 2 - Brann og eksplosjon

Tiltakskort nr. 3.1 - Krisevatn Stranda vassverk

Tiltakskort nr. 3.2- Krisevatn Hellesylt vassverk

Tiltakskort nr. 3.3 - Krisevatn Geiranger vassverk

Tiltakskort nr. 5 - Straumen er borte

Tiltakskort nr. 7 - Sjøleidningsbrot

Tiltakskort nr. 8 – Tett inntak

Årsmelding 2018 for Stranda kommune

Årsmelding 2019 for Stranda kommune

Årsmelding 2020 for Stranda kommune

7. VEDLEGG

7.1 HØYRINGSUTTALE FRÅ RÅDMANN

Tilbakemelding på høyringsrapport om vass- og avløpssystemet i Stranda kommune

Viser til e-post 9. august 2021, der Møre og Romsdal revisjon AS ved Lillian Reder Kristoffersen, ber om tilbakemelding på høyringsrapport om vass- og avløpssystemet i Stranda kommune. Høyringsfrist er sett til 19 august.

Eit godt samarbeid ligg til grunn for denne rapporten. Stranda kommune ved einingsleiar Cato Andersen, har hatt ein grundig gjennomgang av Faktasjekkrapporten saman med sine fagfolk. Tilbakemeldingar og innspel er i etterkant blitt teke inn i rapporten som no ligg føre. Rådmann har såleis ingen ytterlegare kommentarar til denne rapporten.

Takk for godt samarbeid i denne forvaltningsrapporten.

Med venleg helsing

Åse Elin Hole
Rådmann
Stranda kommune
asehol@stranda.kommune.no
46411002

